

Ein skiferharpun og andre rekonstruksjonar i den nye steinalderutstillinga

Av Ørjan Engedal

Det er steinen i enden av skaftet me sit att med. Arkeologar lærer seg å leve med dette sørgjelege faktumet, så godt at me til tider gløymer å undre oss over resten. Berre sjeldan finn me heile reiskapen eller våpenet. Oftast må me til fjernare himmelstrok for å sjå korleis stein har vore skjefte og brukt – til stader der liknande reiskapar har vore brukte fram til nyleg. Ein nyttig lærdom frå denne reisa er at steinen berre er ein del av ein nøye tilpassa heilskap.

I april 2008 opna den nye steinalderutstillinga ved Bergen Museum, *Den lengste historia – kort fortalt*. Når me i samband med denne har sett eit utval av autentiske steingingstandar i skaft att, har me hatt tre rettesnorar. Den eine var å respektere at dette ein gong var heilskapar som måtte fungere – i daglege, tunge, viktige, farlege eller vanskelege gjere mål. Den andre var å rette på ei altfor vanleg misforståing – at steinaldermennesket hadde nok med å overleve, og hadde lite vilje, evne eller tid til å late kjensler for estetikke influere arbeidet med reiskap og våpen. Den tredje var å gjere medvitne val grunna i tolkingar av dei kulturhistoriske horisontane og fenomenar gjenstandane var ein del av.

Pilspissen sett i eit pilskaft med styrefjor vil knapt skape kontrovers. Ein annan spiss festa inn i ein fangstreiskap som tek opp ein heil monter åleine, krev argumentasjon. Nedanfor skal me sjå nærare på val og kompromiss i rekonstruksjonane i den nye utstillinga. Kvifor har me laga ein skiferharpun med fangstline, skinnflottør og kastetre?


Øks, sigd og dolk

To ulike steinøkssar frå to ulike periodar av steinalderen er skjefte. Den eldste, ei såkalla trinnøks, er skjefte som ei *tverrøks*. Dette noko uvanlege prinsippet i våre auge, er utbreidd i andre delar av verda, og ser ut til å ha vore det vanlege i store delar av vår heimlege steinalder. Det T-forma skaftet er laga av ei grein slik at toppen på T-en kjem frå stamma, og denne er høla ut slik at den runde økse kroppen ligg støtt. Ei surring av ugarva skinnreimar held øksa fast i skaftet. Det er vanskeleg å sjå andre skjeftingsløyser for nettopp trinnøkse, sjølv om enkelte eksemplar i prinsippet kunne ha vore dreia 90 grader rundt til ei rettøks.

Den andre øksa, ei såkalla tjukk-nakka, retteggja øks, er skjefte som ei rettøks. Det er eit prinsipp me er meir familiære med. Ei slik symmetrisk sliping av øksebladet ser ut til å verte det vanlege i siste del av steinalderen. Skaft til slike og liknande øksar er velkjende frå danske funn, og det var også her litt uvisse om skjeftingsmåte. Her kunne me dessutan bruke skaftet laga til den gamle steinalderutstillinga.

To flintdolkar ligg utstilt i jordbruksmonteren, den eine med rekonstruert slire. Den kvasse spalteeeggen var ein sær *ømtolig* egg, og skjerpning av flintdolken var ein kompleks og omfattande prosess. Om den kvasse eggen var eit vesentleg aspekt ved dolken som heilskap, så er det også truleg at dolkan vart borne i slire. Ein liknande dolk med bevart slire er funne i ei myr i Wiepenkathen i Niedersachsen i Tyskland. Denne har vore modell for rekonstruksjonen, som er gjort i rårandslær, eller halvgarva lær, frå storfe. Ho er vidare føra med vovne tekstilar i saueull, med ei reim av saueskinn. Det er såleis ei stiv slire som held forma, med eit fôr som både vernar og lagar friksjon nok til at dolken sit godt i slira.

I same monterer heng ein skjefte flintsigd. Ingen skaft til slike sigdblade er bevarte, og rekonstruksjonen er såleis relativt fri. Skaftet er laga av ei naturleg vaksa askegrein. Den frambyggde skaftenden finn ein på mange sigdskafte, mellom anna på eit dansk sigdskaft frå yngre bronsealder. Også våre eigne historiske sigdar hadde gjerne denne av-



■ **Figur 1.** Skiferspissar frå 1) Våge, Sande, Møre og Romsdal (B 12840); 2) Nordpoll, Vågsøy, Sogn og Fjordane (B 10334); 3) Bud, Fræna, Møre og Romsdal (T 10394); 4) Tingvoll, Tingvoll, Møre og Romsdal (T 6640); 5) Mykletun, Lindås, Hordaland (B 8948).

TEIKNING Ø. ENGEDAL

sluttinga på skaftet. Denne gjorde at skaftet kunne dreie fritt inne i handflata, utan å gnage.


Prosjektila

Fleire av rekonstruksjonane er prosjektil, der steinen er den skarpe, skjerande spissen som skal lage eit dødeleg sår i eit levande mål. Det er skaftet som skal syte for at denne odden flyg treffsikkert over lange eller korte avstandar, frå ein arm, ein boge eller eit kastetre. Lengde, vekt, tjukne, og eigenskapane til ulike tresortar vert av jegeren nøye tilpassa både spissen og dyret som skal drepast. Dessutan er det teke omsyn til om våpenet skal støytast, kastast eller skytast med boge. Dei minste spissane er tolka som pilspissar, og rekonstruert med pilskaft, styrefjor, boge og bogestreng. Skafta er av varierende lengde, spissar og fjører er surra med senetråd på nokre piler, med plantefiber på andre. Bjørkebek er nytta som lim på nokre av spissane og styrefjørene. Denne variasjonen er lagt inn mest av alt for at me ikkje skal gløyme at dei fem pilene er eit tverrsnitt av 7000 år med bogejakt.

Andre små såkalla mikroflekker er sette inn som skjerande eggar i ein beinodd i eit noko større skaft, til eit kastespyd. Slike beinoddar finst i materialet vårt, og ein original ligg i botnen på montereren. Desse har ofte vore sette i samband med jakt på nye store pattedyr som kom med den varmekjære lauvskogen. Villsvinet vert ofte nemnt,

men både hjorten og elgen var også større og meir seiglivaa enn reinsdyret. Mangelen på pilspissar saman med førekomsten av flinteggspydet kan også tolkast som at det like mykje var snakk om ei flintegg-pil.

Ein stor flintspiss frå den eldste steinalderen heng i inngangspartiet til utstillinga. Spissen skil seg markant frå den store mengda små spissar i perioden, men berre i storleiken. Den store tyngda og det breie tangepartiet krev eit kraftig skaft. Det er nærliggjande å tenkje seg spissen brukt til eit anna formål enn pila, først og fremst kortare hald, moglegvis eit anna dyr. Skilnaden var i alle tilfelle eit mykje større sår, større skade på indre organ og større blodtap. Rekonstruksjonen tek utgangspunkt i ei tolking av spissen som del av ei lansse til støyt heller enn kast. Ut frå dette er skaftet laga kraftigare i bakre del enn det som ville vere naturleg for eit kastespyd. Dei to nærliggjande byttedyra, reinsdyret og selen, kan overraskast på kort hald først og fremst i sjø eller vatn. Det kan òg tenkjast at lanssa først og fremst vart nytta til avliving av eit dyr som var skada og utmatta av andre metodar.



■ **Figur 2.** Nordpoll-spissen sin biografi rekonstruert.


TEIKNING Ø. ENGEDAL

Sjølv om mange val måtte gjerast i samband med desse rekonstruksjonane, er dei lite kontroversielle i høve til faglitteraturen og rekonstruksjonar i andre steinalderutstillingar. Dei to skiferspissane øvst i den fjerde monterten skil seg i så måte ut.

«hullenes funksjon ...»

– eit forskingshistorisk sveip

Det som skil desse spissane frå dei meir gjengse spydspissane i skifer, er parvise høl framom tangen. Dei få eksemplara er nok årsaka til at fenomenet ikkje har stått sentralt i norsk steinalderforskning. At dei i tillegg er spreidde over fleire museumsdistrikt, har ikkje gjort saka betre. Likevel har desse spissane si eiga, lange forskingshistorie. Det var Karl Rygh som i 1913 først tok opp spørsmålet om korleis spissar i skifer hadde vore skjefte (Rygh 1913). Utgangspunktet var eit nytt funn frå Bud i Møre og Romsdal (fig. 1,3). Rygh hevda her at mykje av skiferspissane sine typetrekk hadde med surringfeste og vern av festesurring å gjere. Det me vanlegvis omtalar som mothakar, eller *agnorer*, rekna han for å vere til vern av surringa. Høla på Bud-spissen tolka han som hjelp til ei fremre surring. I tillegg til Bud-spissen kjende Rygh til to andre skiferspissar med høl: ein utan mothakar med to høl frå Tingvoll i Møre og Romsdal (fig. 1,4), og ein liknande utan tange med berre eitt høl, frå Åfjord i Sør-Trøndelag.



■ **Figur 3.** Kvalfangst med harpun. Zalavrug, Vyg, Nordvest-Russland. ETTER LINDQVIST 1994

Desse tankane vart vidareførte av Guttorm Gjessing, og han kunne i tillegg presentere to andre relaterte funn, eitt frå Sanna i Træna i Nordland, og eitt frå Mykletun i Lindås kommune. Mykletun-spissen er av ein yngre generasjon skiferspissar, den såkalla Sunderøy/Sandtorg-typen, men altså med to høl framom den konkave basen. Det var Erik Hinsch som for alvor tok til å grunde over skiferspissane med høl. Heller enn til skaftsurring, såg han høla i tilknytning til produksjon av spissane. Det var særskilt det siste tilskotet til samlinga, ein spiss frå Nordpoll i Vågsøy kommune (fig. 1,2), som stod sentralt i argumentasjonen. Teknikken, hevda han, kunne samanliknast med den som vart nytta for å lage fiskekrokar i gevir. Nordpoll-spissen, med knekt tange og spor etter fire høl, såg Hinsch som ein uferdig spiss som hadde vorte øydelagd under til-

verkinga. Høla vart bora for å hjelpe når stykket mellom tange og mothake skulle fjernast. Han såg likevel problem med denne hypotesen når det gjaldt den komplette spissen frå Bud – skulle dette vere ei feilboring? Han la her fram ein tredje hypotese om spissane:

Det er lite sannsynlig at steinsmeden i begge tilfellene [Bud og Tingvoll] har beregnet feil og boret hullene for langt inn. En må da anta at den nåværende utformning av basispartiet er den opprinnelige tilsiktede, men hullenes funksjon har snarere vært å gi feste for en fangline enn for surring om skaftet. Spissene har i så fall tjent som ytterste ledd i en sammensatt harpun eller et liknende redskap med fangline. (Hinsch 1958: 17).

På denne bakgrunnen kan me no leggje fram endå eit nytt eksemplar, frå Våge i Sande kommune (fig. 1.1). Om ein skulle få leggje til noko i debatten om funksjonen til høla, måtte det vere at den siste hypotesen til Hinsch skulle kunne gjelde også for Nordpoll-spissen. Skadane er ikkje produksjonsfeil, men



■ **Figur 4.** Original beinsspiss til venstre, og rekonstruert beinsspiss med innsett egg av bergkrystall og flint.

FOTO: KARI KRISTOFFERSEN

Figur 5. Flintdolk
i rekonstruert slire.

FOTO: KARI KRISTOFFERSEN





Figur 6. Rekonstruert harpun til venstre, rekonstruert boge og piler til høgre.

FOTO: KARI KRISTOFFERSEN

skadar etter bruk. Nordpoll-spissen fortel såleis ei heil lita søge om fangstutstyr som måtte reparerast og til sist var moge for utskifting (fig. 2). Altså har me gått ut frå at høla var mynta på ei harpun-line. Likevel er det først no me så å seie kjem på djupt vatn med tanke på rekonstruksjon. Harpunar er kjende frå dei heilt enkle til dei særskomplekse og spesialiserte. Kvar i dette landskapet skulle me leggje oss?

Streiftog i skiferkomplekset

Grunngjevinga for å vende seg mot det komplekse finst ikkje i sjølve spissane, men i dei geografiske og kulturhistoriske omgjevnadene deira. Spissane frå Nordpollen, Våge og Mykletun var sørlege utløparar av eit fenomen som fyrst og fremst prega kysten frå Fræna og

nordetter. Her fanst spissar i ei rekkje former og storleikar, og dessutan dolkar og knivar i same råstoffet. Dette «skiferkomplekset» har av mange vore sett i samband med fangst, flåing og partering av maritimt storvilt som sel og kval. Dette kan underbyggjast med handfaste funn frå havet. To kraftige spydspissar vart fiska opp utanfor både Hitra og Vada, inst i Trondheimsfjorden frå djupner på 25 og 50 fannar. Ein lang, slank skiferspiss kom opp med trålen i Varangerfjorden. Det er også i nord me finn bilete av båten og den maritime jakta. Ved Kvitsjøen finn me fangsten skildra i klåre drag, som er karakteristisk for den nordlege bergkunsten (fig. 3). Her ser me store fangstbåtar kring kvalen. Fremst i kvar av dei står harpunøren, og frå han går harpunlina til dyret.

Dei siste åra har det komme fleire nye bidrag til skiferstudiet. Medan tidlegare forskning var fokusert kring avgrensing av skiferkulturen og innhaldet i denne, synest det no som eit nytt spørsmål melder seg: *Kva ser me i dei sørlege utløparane frå dette kjerneområdet? Kva prosessar var den sørlege skiferen del av?* Spissen frå Mykletun kan tolkast som at skiferspissane med linefeste høyrer til i overgangen til seinneolitikum, kring 2400 f. Kr. Denne tidshorizonten vert vanlegvis granska i lys av flintimport frå Jylland, etablering av jordbruk og dei fyrste langhusa. Det vert rekna som det klåraste dømet i vestnorsk førhistorie på spreining av eit sørleg kompleks, kanskje til og med ein migrasjon. Det har ofte vore ei suksesshistorie om nettverk som bytte flintdolkar frå Jylland like til Altafjorden.

Mindre fokus har det vore på rørsler frå nord mot sør, anna enn at det truleg var pels som vart bytt mot flinten. Den vesle gruppa med spissar med linefeste gjer denne prosessen meir innfløkt og fasettert. At denne tids-horisonnten handla om å tileigne seg åkerbruk og husdyrhald, er sjølvsgt etterpåklokskap. I tillegg til at me sit att berre med odden, kviler det ei anna forbanning over oss: Me veit så godt korleis saga endar. Skiferspissen med linefeste ber på ingen måte bod om det nye, men kanskje var han likevel eit vesentleg hjul i etableringa av jordbruk-samfunnet?

Kven var så desse innovative fanga-rane som trassa bærene i Hustadvika og på Stadhavet, og sette så *få* spor over eit så *stort* område? Ser me her ein alternativ strategi til flinten, lang-huset, åkeren og smalen? Dei hadde truleg tilgang til to vesentlege element i etableringa av det sørlege jordbruks-komplekset: pels og fangstprodukt som bytemiddel, og komplekse maritime teknologiar. Denne spesialiseringa av jakta og fangsten kan tolkast som strategiar for å kunne overleve på gamle-måten i ei verd i endring. Det kan òg tolkast som mindre matnyttige strate-giar. Det er ingenting som tyder på at

byttedyra vart sjeldnare enn før, og at nauda dreiv folk til jordbruket. Skifer-harpunane kan ha vore del av innova-sjonar og konkurranse knytt til fangst, ikkje av den daglege føda, men av overskot som pels, skinn, spekk, bein og gevir. Nye artar kan også ha vorte aktuelle byttedyr i møtet med ein ny marknad, og ført til utvikling av nye fangstmetodar. At Jærbuane padla over Skagerrak til flintsmedane i Jylland, er etablert kunnskap. At fangstfolk frå Midt-Noreg til same tid dreiv fangst like sør til Alverstraumen, kan endre biletet vårt av denne viktige perioden. Kanskje var det meir rørsle og kulturell kompleksitet langs kystlina vår enn me har skapt inntrykk av?



Figur 7. Rekonstruert flintsigd og tjukkknakka, rettegga øks.

FOTO: KARI KRISTOFFERSEN

Harpunen i monterer

Ein skikkeleg harpun skal ha minst éi laus samanføring. Dette er for at våpenet ikkje skal brotne ved anslag, ved dyret sine rørsler, eller av eiga vekt. Kvar og korleis denne lause saman-føyinga er gjort, varierer mykje. Medan skaftet vanlegvis er i tre, er dei fremre delane gjerne i eit hardare, tettare og meir vassavstøytande materiale som bein, horn, stein eller metall. Det er såleis mange andre løysingar på pro-blemet enn det me ser i skiferspissen. I vårt tilfelle er utfordringa løyst ved å inkorporere odd, mothakar og line-auge i eitt og same stykke. I rekon-struksjonen er eit delbart ledd lagt til tangen av skiferspissen, som kan pressast laust inn i eit mellomstykke i bein. Denne er igjen sett laust inn over treskaftet. Lina går frå lineauga i spissen og gjennom eit hòl i mellom-stykket, og sikrar såleis begge desse når harpunen deler seg i tre. Den re-konstruerte lina er eit enkelt tauverk av plantefiber, og heller grov saman-likna med mange av dei sirkumpolare fangstlinene. Desse var ofte fletta av senetråd, med innlagde trådar i ulike fargar, til pynt åleine.

Spørsmålet er vidare: Kva var i enden av lina? På Grønland og på Aleutane fanst ulike variantar. Ein hadde lina festa midtvegs på skaftet, slik at det såra og flyktande dyret måtte dra skaftet etter seg på tvers i sjøen. På ein annan var lina festa til ein mindre flottør, som igjen var festa i enden av skaftet. I ein tredje variant var lina festa til ein flottør som låg i båten ved sida av jegeren. Ein slik flottør skal trøytt ut dyret. Han skal syte for at jegeren kan observere dyret i flukta, og til sist halde lina flytande så jegeren kan dra opp eit bytte som er i ferd med å søkkje. Ein kan ikkje rekne med at ein slik skinnballong held seg oppblåsen lenge, difor var dei grønlandske flottørane utstyrte med munnstykke med propp til oppblåsing.

Og endeleg, kva skaft sat spissen i? Harpunprinsippet kunne nyttast på heile spekteret frå det lette pilskaftet som er skote fram med ein boge, via slanke kastespyd til lange, tunge og kraftige skaft. Det lette, tynne, vel 150 cm lange skaftet med styrefjør er inspirert av lette harpunar brukt særskilt til fangst av symjande sel og sjøoter.

Kastetreet som er montert i kastestilling på harpunen, er nok det mest kontroversielle elementet i monteringen. Kanskje er dette fordi me tenkjer på kastetreet som ein spesialisert reiskap knytt til historisk tid på Grønland. Dette er ikkje tilfelle. Kastetre er også kjende frå Nord-, Mellom- og Sør-Amerika, Australia og Ny-Guinea. Ein klubbforma gjenstand frå steinalderen i Danmark er også tolka som eit kastetre (Andersen 1997: 81, fig. 28, sjølv om det er noko uklårt korleis denne skulle fungere). Kastetreet er ein reiskap som gjer kastearmen til jegeren lengre, og muskelkrafta får såleis verke gjennom ei lenger kasterørsle. Fordelane er fleire: Kastet vert lengre, kraftigare og meir presist, og det kan gjerast sitjande i ein båt, utan store rørsler.



■ **Figur 8.** Rekonstruert boge og piler, trinnøksa på veggen i bakgrunnen.

FOTO: KARI KRISTOFFERSEN

Kastetreet er også meir stabilt i våte tilhøve enn pilbogen. Det er også slik at den lette harpunen vår utan kastetre ville vore lite funksjonell. For å signalisere rekonstruksjonen sitt band til historiske sirkumpolare fangstkulturar, henta me i tillegg inn eit autentisk kastetre frå dei etnografiske samlingane ved museet.

Rekonstruksjonane i den nye steinalderutstillinga freistar å vise større heilskapar og formidle arkeologiske tolkingar utan lange teksttar eller teikningar. Nokre av desse tolkingane er å rekne også som fagleg meiningsbryting, og forhåpentlegvis er ikkje siste ordet sagt verken om skaft til steinøksar eller skiferspissar med høl i.



■ **Figur 9.** Flintdol i rekonstruert slire.

FOTO: KARI KRISTOFFERSEN

Litteratur

- Andersen, S. H. 1997: Ertebølleharpuner og spækhuggertænder. Aspekter av marin fangst i Ertebølletid. *Kuml* 1995/96: 45–100
- Birket-Smith, K. 1953: *The Chugach Eskimo*. København.

Bjørkli, B. 2005: Den arktiske steinalderen i sør. En studie av skiferfunn fra Sørøst-Norge, Oldsakssamlingens museumsdistrikt. Upublisert hovedfagsoppgåve. Bergen.

Dumond, D. E. 1977: *The Eskimos and Aleuts*. Thames and Hudson.

- Fitzhugh, W. 1974: Ground Slates in the Scandinavian Younger Stone Age with Reference to Circumpolar Maritime Adaptations. *Proceedings of the Prehistoric Society*. Vol. 40: 45–58.
- Gaustad, F. 1958: Fra båtøkskulturen i Trøndelag. *Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab, Museet, Årbok 1958–59*: 69–84.
- Gjessing, G. 1942: Yngre steinalder i Nord-Norge. *Instituttet for sammenlignende kulturforskning, Serie B: Skrifter XXX*. Oslo.
- Hinsch, E. 1953: En teknisk detalj. Godbiter fra samlingene. *Universitetet i Bergen. Historisk Museum. Bergen (Bergens Tidende, fredag 17. jan. 1935)*.
- Hinsch, E. 1957: «Saging» av skifer. *Finska Fornminnesföreningens tidskrift 58 (SMYA-FET 58)*: 41–60.
- Jensen, P. S. 1975: *Den grønlandske kajak og dens redskaper*. Nyt Nordiske Forlag Arnold Busck. København.
- Langvik Berge, S. 2006: *Skiferornamentikk. Estetiske og geografiske grupper i Midt-Norge*. Upublisert masteroppgåve. Trondheim.
- Lindqvist, K. 1994: *Fangstfolkets bilder*. Stockholm.
- Møllenus, K. 1959: *Steinalderen i Søndre Helgeland*. *Det Kongelige Videnskabers Selskabs Skrifter, 1958, bnd. I*: 1–112.
- Olsen, B. 1994: *Bosetning og samfunn i Finnmarks forhistorie*. Universitetsforlaget.
- Olsen, T. B. 2004: *Egger av tid og rom. Transformasjonen av steinalderens fangstsamfunn i Vest-Norge*. Upublisert hovedfagsoppgåve. Bergen.
- Petersen, Th. 1937: En skiferspiss fisket opp av Hillfjorden, Hitra. *Det Kongelige Norske Videnskabers Selskaps Forhandling X*, nr. 48.
- Rygh, K. 1913: Hvorledes skjefte des skifer-spidsene? *Oldtiden III*: 59–63.
- Søborg, H. C. 1986: *Skiferkniver sør for polarsirkelen i Norge*. Upublisert magistergradsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Vang Petersen, P. 1999: *Flint fra Danmarks oldtid*. Høst & Søn. København.
- Varjola, P. 1990: *The Etholén Collection. The ethnographic Alaskan collection of Adolf Etholén and his contemporaries in the National Museum of Finland*. National Board of Antiquities.